ALVER
KOMMUNE

Flage Maskin As
Bjørkemoen 46
5709 Voss

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Per Sveinar Morsund | 24.08.2022 |
| Vår: 22/5883 - 22/59162 | per.sveinar.morsund@alver.kommune.no | |

# Innkalling og varsel om synfaring - gbnr 212/132 m.fl. Eikanger øvre

**Tiltak:** Planering, opparbeiding av næringsområde
**Byggjestad:** Gbnr: 212/132 Eikanger øvre
**Tiltakshavar:** Nordhordland Næringspark As

Kommunen varslar at vi vil synfare eiendom gbnr. 212/132 og 212/141.

**Synfaringen vil gjennomførast onsdag den 07.09.22 dato, klokken 10.00.**

**Kvirfor vil kommunen synfare eigedomen?**
Synfaringa gjennomførast på bakgrunn av at det frå kommunen sin ståstad kan sjå ut til at det pågår ein god del arbeid og verksemd på Næringsparken som er utanfor dei løyva som er gitt. Vi ser det difor som naudsynt med ei synfaring for å klarlegge tilhøva på staden for å vurdere vidare oppfølging.

Vi vil også være innom andre eigedommar innanfor næringsområdet, enn dei som er nevnt ovanfor, for ein visuell kontroll om kva bruk som er etablert på dei ulike eigedommane.

**Kva skjer under ein synfaring?**
På synfaringa vil vi stadfeste dei faktiske forhold på eigedommane. Vi gjer oppmerksom på at det ikkje vil bli konkludert noko om sakene under synfaringa.

Vi må ha tilgang til brakkeriggen under synfaringa og det må difor vere tilstades nokon med tilgang til bygningen. Dersom tidspunktet ikkje passar ber vi dykk snarast ta kontakt med saksbehandlar slik at vi kan finne eit anna tidspunkt.

**Regelverk for tilsyn og synfaring**
Kommunen har plikt til å forfølge ulovlege forhold, jf. plan- og bygningslova § 32-1.
Kommunens rett til å synfare bygg og eigedommer er hjemlet i plan- og bygningslov § 31-7.

**Har du spørsmål om synfaringa?**
Dersom noe er uklart, eller du har ytterligare spørsmål, kan du ta kontakt direkte med saksbehandlar på epost per.sveinar.morsund@alver.kommune.no eller telefon 56 37 54 66.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Flage Maskin As | Bjørkemoen 46 | 5709 | Voss |
| Nnp Parsell 10 As | Bjørkemoen 46 | 5709 | Voss |
| Nordhordland Næringspark As | Sandviksbodene 5 | 5035 | BERGEN |